

Kommunale inntekter og statlege overføringar

Av Jan-Tore Pedersen og Erling Berge

Etter TV-programmet (13/2) om inntektsfordelinga mellom kommunane, har det kome reaksjonar som gjer det turvande med ei klargjering av kva som står i rapporten om «Inntektsfordelinga mellom kommunene». (INAS-rapport 81:3) og kva for spørsmål det synest rimeleg å diskutere vidare.


I TV-programmet var det ein lang sekvens frå slumstrøka i Oslo. Dette var eit eige innslag som ikkje var meint å ha noko med vår rapport å gjere. Desse innslaga har dessverre likevel vorte sett i samanheng. Noen har konkludert med at boligs-lummen i Oslo skuldast låge kommunale inntekter, og at dei låge inntektene til Oslo kjem av at utkantane får for mye i overføringar frå staten.

Boligs-lummen i Oslo har lite å gjere med kva inntekter Oslo disponerer over som kommune. Samanlikna med andre kommuner i landet tener Oslo i overkant av det dei treng. Der- som det er slik at Oslo har dårleg råd, må det skuldast andre ting enn dei oppgåvene som er tillagt Oslo i eigenskap av kommune. Det kan skuldast at Oslo også har fylkeskommuna-

le oppgåver og oppgåver som skuldast for landet. Dette er problem vi ikkje har vore inne på i rapporten. Vi finn i rapporten at nokre større bykommunar som t.d. Trondheim, Bergen og Tromsø kjem dårleg ut av inntektsfordelingssystemet, men det er ei avsporing å konkludere med at dette skuldast at utkantkommunane kjem så godt ut av systemet. Det gjer nemleg også sentrumskommunar som Asker, Bærum og Stavanger.

Ulike resultat

Det vi synest å finne i tala våre, er at tilsynelatande like og nærliggande kommunar får svært ulike resultat av omfordelingssystemet. Eksempelvis ser vi at av to småkommunar på Sørvestlandet får den med 890 inb. disponere kr. 4.431 pr. inb. medan den med 897 inb. får kr. 6.068 å rutte med. I Hedmark finn vi ein kommune med 2.692 inb. som får kr. 3.990, medan ein nærliggande kommune med 1.760 inb. får kr. 5.741. I Nord-Trøndelag disponerer kommunen med 901 inb. kr. 5.785 medan kommunen med 980



Boligs-lummen i Oslo kan skuldast at byen også har fylkeskommunale oppgåver og oppgåver som hovedstad for landet, skriv artikkel-forfatterane. (Foto: Øystein Gloppestad)

inb. får kr. 4.752. Like store skilnader finn vi i Finnmark der kommunen med 2.230 inb. disponerer kr. 6.019 medan kommunen med 2.805 inb. får kr. 4.040.

Store skilnader

Kvifor finn vi så store skilnader mellom tilsynelatande nokså like kommunar? Skilnadene skuldast i alle fall ikkje tilfeldige omstende dette året. Vi fann noko nær samme resultat for alle åra frå 1972 til 1976. Sidan kommunane rundt i landet er svært ulike, er det rimeleg at det må vere visse skilnader i inntektene om dei skal makte å halde oppe eit felles nivå av tenester. Men kor store skilnader treng ein for å makte dette? Og kva for faktorar skal ein ta omsyn til når ein skal vurdere kva trong ein kommune har for inntekter samanlikna med ein annan kommune i ein annan del av landet?

I forskningsrapporten freista vi å etterprøve om det var noko samsvar mellom den observerte inntektsfordelinga og ulike indikasjonar på skilnader i trong for inntekter. Resultatet var magert. Det einaste vi kunne sjå var teke omsyn til, var trørgen for inntekter som skuldast geografiske skilnader mellom landsdelene og det som skuldast nedgang i folketalet.

Det var ikkje teke omsyn til absolutt storleik av folketalet, tilvekst i folketalet eller alderssammansetninga av befolkninga. Heller ikkje var det teke omsyn til arbeidsløyse, uføretrygding og næringsgrunnlaget for befolkninga.

Samla inntekt

Dette undra vi oss over. Der- som vi tok retorikken om utjamning og fordeling etter «behov» på alvor, korleis burde da inntektsfordelinga i 1976 ha vore? For å sjå på dette, tok vi den samla disponible inntekta i kommunesektoren i 1976 og omfordelte den i samsvar med 27 behovsindikatorar vi hadde definert.

Dette gjorde det mogeleg å samanlikne kommune for kommune tala for hva dei fekk og kva dei burde fått om ein følgde strengt krava om at små kommunar bør ha meir enn store kommunar; utkantkommunar i Nord-Norge og på Vestlandet meir enn sentrale kommunar på Austlandet; kommunar med mange pensjonistar meir enn kommunar med færre pensjonistar osv. Resultatet er slik vi har presentert det i forskningsrapporten.

Det er da også forbløffande å oppleve kor kjensleladd kritikk vi får for ikkje å ha teke omsyn til faktorar vi påviseleg har diskutert side opp og side

ned. At rapporten til og med frå Stortingets talarstol kan avfeist med at den «berre er ein magistergrad», må vel seie meir om talaren enn om rapporten (som sjølsagt ikkje er nokon magistergrad).

Ikkje omfordeling

Men uansett kva ein måtte meine om rapporten, finn ikkje vi at den skulle kunne gi grunnlag for å kreve ei generell omfordeling frå utkantkommunane til sentrumskommunane eller frå småkommunane til storkommunane. Stort sett vil ein finne at for kvar utkantkommune som får for mye, er der ein som får for lite, og for kvar storkommune som får for lite, er det ein som får for mye.

Det vi gjerne vil spørre Storting og Regjering om, er korleis dei grunnlegg den fordelinga av inntekter vi har registrert. Det kan t.d. vere fleire behovsfaktorar å ta hensyn til enn det vi hadde ressursar til.

Å vise til stordriftulempen eller smådriftfordeler (eventuelt omvendt), klima, arbeidsmarked eller skattegrunnlag nyttar imidlertid ikkje. Det har vi undersøkt.

Det vi får ein liten mistanke om, er at den høgre hand nok ikkje veit kva alle venstrehendene gjer når dei dryssar ut sine tilskot.